



REFERAT frå Sokneråd i Kviteseid

Torsdag 3. oktober 2024 kl. 12.00-14.00

på kommunehuset, nye kommunestyresalen (over kyrkjekontoret)

Innkalling: Marit Sørby, Sigrun Garvik Moen, Dagfinn Køhn, Astrid Elisabeth Breivik, Knut Gjersund, Solveig Aabø Løfgren, Trond Fjågesund og Anne Oddny Foldøy. Sigrun Lønning Solvang (sokneprest) og Kristen Salmelid (kyrkjeverje). Tarjei Draugedal (ordfører og kommunerepresentant)

1. vara: Ida Elisabeth Nilsen Sigurdslid, Geir Helge Susort (3.v.)

Innkallinga vart og sendt til dei andre varamedlemmene: Monica Haugestøl (2.v.), , Jorunn Simonsen (4.v.) og Jan Rune Bjørnson (5.v.), som møter viss dei får særskilt melding, og til Prost Asgeir.

Meldt fråvær: Marit Sørby, leiar, Trond Fjågesund og Ida Sigurdslid.

Tarjei Draugedal var heller ikkje til stades.

Takk for

Opningsord ved sokneprest Sigrun Lønning Solvang og bevertning ved Anne Oddny Foldøy

Oversikt over saker:

SR-sak 37.24	Innkalling og saksliste
SR-sak 38.24	Post og meldingar
SR-sak 39.24	Gudstenesteplan for 2025 -utsett til neste møte
SR-sak 40.24	Misjonsprosjekt for 2025++
SR-sak 41.24	Ønsket & Elsket
SR-sak 42.24	Ny trusopplærar
SR-sak 43.24	Bispevisitasen febr.2025
SR-sak 44.24	Møteplan for soknerådet
SR-sak 45.24	Eventuelt

SR-sak 37.24	Innkalling, saksliste og referat	KG
<p>Innkallinga til dette møtet vert sendt ut på e-post til alle i SR fredag 27. sept. 2024. Tidlegare varsla datoendring til 2. okt., kunne likevel ikkje gjennomførast av administrative grunnar.</p> <p>Merknader til innkalling eller saksliste? Saker til eventuelt? Merknader til siste SR-referat? <i>Referatet frå sist SR ligg ved.</i></p>		

Forslag til VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.
Ingen merknader til siste SR-referat.

VEDTAK:

Innkallinga er godkjend. Møtet er lovleg sett.
Ingen merknader til siste SR-referat.
Kyrkjeverja har ei sak til eventuelt.

SR-sak 38.24**Post og meldingar****KG / KrS****1. Arrangement sidan sist SR:**

- a. Babysang er i gang. Held fram om lag kvar veke.
- b. Språk-kafé 18. sept. Godt oppmøte. Mange nye ukrainarar i sommar. Positivt å pakke oss saman i veslesalen på Misjonshuset.
- c. Kyrkjelydsbasar - komitémøte 23.9. Vi treng og tek imot gevinstar og salsvarer av alle slag.
- d. Føremiddagstreff på Misjonshuset 25.sept.
- e. Nytt konfirmantkull starta nå 26. september
- f. Felleskyrkjeleg SANGMØTE 29. sept. kl. 18.00 i Kviteseid kyrkje. Besøk av Morten Samuelsen, med allsong 'Til trøst, håp og glede'

2. Planlagde arrangement:

- a. Babysang nesten kvar torsdag utover hausten. Arr. Kyrkja i samarbeid med Frivilligsentralen, (annan kvar gong). Frå oss blir organist Olav Holm med, og av og til soknepresten, og frå Frivilligsentralen er det Cecilie A Hosum. Åsa Wendel steller til mat. Stad: Misjonshuset.
- b. Føremiddagstreff på Misjonshuset kl. 11.00 (arr: Diakoniutvalet): 23.okt., 20.nov.
- c. Språk-kafé vidare i haust blir 23. okt., 13. nov. og 11. des., alle på Misjonshuset.
- d. Konfirmant kick-off i Kviteseid 25.-26. okt. på Lønnegraff saman med Fyresdal, og med Ønsket&Elsket i Seljord 26. okt.
- e. Andaktar på KOS og Midtsundtoppen er avtala for hausten.
- f. Stiftsdag i Kristiansand (annakvart år, i år berre ein dag): 29. okt. Heile staben har fått tilbod om å delta. Alle unntatt ein deltek.
- g. Kyrkjelydsbasar på Misjonshuset laurd. 30. nov. kl. 10-14. 1. komitémøte var 23. sept.
- h. Adventskonsert m/graut, Kviteseid kyrkje onsd. 4. des. kl.11.00
- i. Jolekonsert med 'No Boots' og 'Fjellrøyst' i Kviteseid kyrkje onsdag 11.des.
- j. ADVENTSKONSERT med alle kor og hornmusikken: sø.15. des. kl. 17.00 i Kviteseid Kyrkje

3. Arbeidet med minnelunden: Bjørn Nordskog er engasjert for å hjelpe oss med dette prosjektet då det vart vanskeleg for kyrkjegardsarbeidarane å finne tid til det.

- a. Kyrkjeverja skriv om minnelunden i neste Kyrkjeblad.
- b. Så snart arbeidet startar, må det ut ei sak i VTB for å informere folk om kva som skjer på kyrkjegarden.
- c. Det må og lagast eit forslag til nytt punkt i Kyrkjegardsvedtektene for godkjenning i SR og som informasjon til Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark med kopi til biskopen.
- d. Sak til Kommunestyret for fastsetting av prisar (urnegrav er gratis, men det må betalast ein eingongssum for namneskiltet på minnesteinen for 20 år og ev. utvida periode.)

- e. Pålagde digitale SOSI-kart er bestilt frå Gravkart.no. I samråd med SR-leiar Marit Sørby, har kyrkjevevja også bestilt tilsvarande kart til Brunkeberg og Vrådal. Dette har ein kostnad på hhv kr 20, 15 og 15.000 + reise, til saman kr 55.000 som må dekkjast inn av investeringsbudsjettet for 2024 under 'Minnelund Kviteseid 2024'. Skal vi òg ta med Gamlekyrkja, Fjågesund og Kilen vil prisen bli nær kr 100.000. Det kan koma påbod om seinare, men det er ein stor kostnad å ta no.
4. **Referat** frå Fellesmøtekomiteen 29.8., Stabsmøte 4.9. og Kulturutvalet 24.9. ligg ved innkallinga til orientering. Ref. frå Stabsmøte 1.10. ligg i tillegg ved referatet.
5. **Ytterdør og teppe i Vrådal kyrkje.** Ref. vedtak i SR-sak 32.24. (sist møte). Vi har fått tilbud frå Hauglid Trevare for dør ('nærmare 50.000 enn 40.000') og frå Bo-Senteret i Seljord kr 77.000 (inkl. mva). «Veiledende» pris på teppe frå leverandør var kr 121.820. Dette blir dekt inn av ny post på investeringsbudsjettet for 2024, 'Fornyng av Vrådal kyrkje 2024/25'. Leveringstida er 4 månader, så det blir mest truleg klart i januar 2025, men det er lov å håpe på levering før jul i 2024.
6. **Neste Kyrkjeblad** er planlagt til å koma ut før jul, men er ikkje starta planlegging av enda.
7. **Hassvikvegen i Fjågesund** (frå krysset til brygga) er etter kommunestyrevedtak privatisert. Revidert forslag frå Jordskifteretten er motteke 23.9. Det gjeld fordeling av ansvar og rettigheiter i veglaget mellom brukarar og grunneigarar. I det nye forslaget er Kyrkja sin del auka frå 4,5 % til 6,5 %, og del av vintervedlikehald auka frå 7 til 14,5 %. Vi ventar nå på endeleg avgjerd frå Jordskifteretten vedr. %-vis del i veglaget for kvar brukar.
8. **Det er sær mange forsøk på svindel på mail**, sjølv om spam-filter tar bort det aller meste, så vi må alle på kyrkjekontoret vere på vakt. Kyrkjevevja viser tre døme. Det blei ikkje gjort. Vi treng alle å være OBS, både privat og på kyrkjekontoret.
9. **Biskopen i Agder og Telemark har 12.09.2024 godkjent lesepulten i Kviteseid gamle kyrkje** som eit liturgisk inventar/utstyr. Vi søkte om dette 18.11.2021. (*Vedlagt til møtet*)
- 10. Løns- og personalsaker:**
- a. Organist Olav Holm har frå 16.9. fått ein mellombels auke på 10 % til si faste 70 %. Dette er grunna manglande trusopplærar og meirarbeid for Olav med konfirmantane. Han har i tillegg tatt på seg noko ansvar med Babysong, og har ein del ekstra tid for opplæring av vår nye sokneprest. (Meirkostnad på løn aleine blir kr 5000 pr. mnd. Innsparing på løn for manglande trusopplærar i 50 %, er kr 23.000 pr mnd. til ny person er på plass).
- b. Fagarbeidar Bjørn Stian Sigurdslid har fast 55 % stilling. Han er snart ferdig med alle modulane i 'Kirketjenerskolen' og 'Gravferdsskolen', og vil då gå opp i løn. I tillegg er han fast vikar for kyrkjevevja med nokre avgrensa oppgåver i kyrkjevevja sine feriar og eventuelle sjukemeldingsperiodar. Så vil dette og vera eit viktig insentiv for å behalda han i arbeidet her sjølv om det ikkje er ei full stilling. Han vert difor lyfta opp frå lønsgruppe 2 til 2B frå oktober 2024, og blir med det løna likt som dei to andre fagarbeidarane vi har i deltidstillingar. (meirkostnad i løn på kr 11.000 pr år)
11. **Ny orgelkrakk til Kviteseid er bestilt.** Den er reparert fleire gonger, men det er nå vanskeleg å få den heilt bra. Kostnad ca. 11.000 over driftsbudsjettet *320000-111-0420 Kjøp av driftsmidlar*
12. **Orgla i Kviteseid og Brunkeberg vart stemde** 23. og 24. sept av orgelbyggjar Henrik Brinch Hansen.

13. **Kyrkjelydsutval i Brunkeberg** har vi ikkje lukkast med å få på plass i år. Soknerådsleiar Marit Sørby vil saman med soknepresten og nestleiar Knut Gjersund prøve å få det på plass innan kort tid.
14. **Feriar:** Organisten har ferie i veke 41 og kyrkjevevja i veke 41 og 42. Bjørn Stian Sigurdslid gjer nokre oppgåver på kontoret i kyrkjevevja si fråvær.
15. **Info-saker frå prostidiakon** Eilev Erikstein: Referat frå Verdiseminaret, frå ‘Å vandre med håp’ og ‘Vandring for forandring’. Arbeidsplanen for hausten. *Vedlegga låg ved innkallinga.*
16. **Felles stabsmøte for Vest-Telemark** 1. okt. 2024. For tida to kyrkjevevjer (som deler på stillinga) i Nissedal inviterte kyrkjevevjerne og fagarbeidarane (kyrkjetenar og kyrkjegardsarbeidar) til felles møte i Treungen. Det var nyttig og greitt. Fleire var nye. Slik samling på prostinivå blir veldig stort. (Felles prostidag er planlagt til 15. okt. 2025)

Forslag til VEDTAK i SR:

SR takkar for orienteringane.

VEDTAK:

SR takkar for orienteringane.

SR-sak 39.24

Gudstenesteplan for 2025 -utsett til neste møte

KG

Gudstenesteutvalet utarbeider eit forslag til plan for gudstenestene i 2025 basert på talet på forordna gudstenester og innarbeidde tradisjonar her i soknet.

Planen blir ettersendt før møtet.

I gudstenesteutvalet sit soknepresten, organisten, Dagfinn Køhn, Astrid Breivik og Sigrun Egeland. Soknepresten kallar inn utvalet og har klart forslag til Soknerådet 3. okt.

Vedlegg: *Gudstenesteplanen for 2025 (blir ettersendt)*

VEDTAK i AU-sak 17.24:

Saka blir som dette i SR

Av ymse grunnar rakk ikkje gudstenesteutvalet å lage til eit forslag til gudstenesteplan for 2025, så difor må saka utsetjast til neste møte i november.

Då skal og offerplanen handsamast, så same utval må ha klart eit forslag til den òg til same møte.

Forslag til VEDTAK i SR:

SR takkar for orienteringa.

Saka vart utsett til neste soknerådsmøte.

SR-sak 40.24

Misjonsprosjekt for 2025++

KG

Gjeldande misjonsprosjekt for soknet har vi hatt sidan 2020, og går ut 2024.

Det var bevisst val at det ikkje skulle vere heilt samanfallande med soknerådsperioden. Soknepresten, kyrkjevevja og Åsa Wendel utarbeidde saka for soknerådet. ([sjå SR-sak 62/20 18. nov. 2020](#))

Prosjekta har denne perioden vore

1. Okhaldunga sjukehus i Nepal (Normisjon / Liv Wendel) kr 20.000
2. Bibelomsetjing i Sør-Etiopia (Misjonsambandet / Wycliffe /Karen Elisabet (Wittersø) Hector og Fredrik Hector, kr 20.000

Frå 2017 og ut 2020 hadde vi prosjektet Samfunnsutvikling i Nepal (Normisjon / Liv Wendel) kr 35.000 ([Vedtak i SR-sak 08.17](#))

Før det var det 4 sokn i Kviteseid. Kviteseid sokn hadde støtte til Rachel Trovis stiftelse MaMa Children Senter of Norway, der Gunnhild Dobbe arbeidde frivillig fleire bolkar kvart år.

Forslag til VEDTAK i AU:

AU vedtek at fylgjande utarbeider forslag til soknerådet i oktober eller november 2024 om misjonsprosjekt for Kviteseid sokn for 4 - årsperioden 2025-2029: Soknerådsleiar, soknepresten, Åsa Wendel (må spørjast) og kyrkjevevja.

VEDTAK i AU-sak 18.24:

AU vedtek at fylgjande utarbeider forslag til soknerådet i november 2024 om misjonsprosjekt for Kviteseid sokn for 4 - årsperioden 2025-2029: Soknerådsleiar, soknepresten, Åsa Wendel ('blir gjerne med') og kyrkjevevja.

Komiteen skal ha sitt første møte i 'Misjonskomiteen' 22. okt., og ber SR om konkrete forslag til prosjekt, gjerne med lokal tilknytting.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet vedtek at komiteen utpeika av AU utarbeider forslag til soknerådet i november 2024 om misjonsprosjekt for Kviteseid sokn for 4 - årsperioden 2025-2029. Komiteen består av Soknerådsleiar Marit Sørby, sokneprest Sigrun Lønning Solvang, Åsa Wendel og kyrkjevevja Kristen Salmelid.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek at komiteen utpeika av AU utarbeider forslag til soknerådet i november 2024 om misjonsprosjekt for Kviteseid sokn for 4 - årsperioden 2025-2029. Komiteen består av Soknerådsleiar Marit Sørby, sokneprest Sigrun Lønning Solvang, Åsa Wendel og kyrkjevevja Kristen Salmelid. Soknerådet vart oppmoda til å sende forslag til misjonsprosjekt til ein i komiteen.

SR-sak 41.24

Ønsket & Elsket

KG

Ønsket og Elsket er Øvre Telemark prosti sitt felles arbeid for konfirmantane og leiartrening for aktuelle ungdommar i åra etter konfirmasjonen.

Førre grundige informasjon frå Ønsket og Elsket fekk førre sokneråd i juni 2019.

Noverande leiar Emil L. Mathisen kjem og informerer om Ønsket og Elsket.

[Her er informasjon frå nettsida deira, under Øvre Telemark Prosti.](#)

Nå viser det seg at leiaren Emil L. Mathisen er sjukemeldt, men Prost Asgeir har lova å komme og orientere, om han ikkje finn andre til å gjere det.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet takkar for utfyllande informasjon om 'Ønsket & Elsket'.

Det var Berthe Tysvær Heggli som kom frå Ønsket & Elsket. Ho er tilsett i Ø&E frå august 2024 i 50 % stilling. Andre på Ø&E er leiaren Emil L. Mathisen i 50 % stilling, og ein presteressurs på 25%. Ø&E er Øvre Telemark prosti sitt felles arbeid for konfirmantane og leiartrening for aktuelle ungdomar i åra etter konfirmasjonen. Ø&E har gode lokale i etasjen under kyrkjekontoret i Seljord, i Brøløsvegen

Hovudsakene i Ø&E er

- 'Events',
- Kick-off i Dyrskuhallen i Seljord i oktober (mest sosialt). Her er alle konfirmantar i øvre Telemark velkomne, også dei som har konfirmasjon utanom Den norske kyrkja.
- Konf.leir (350 konfirmantar i prostiet er delt på to leirar, -tidleg og seint på sommaren, og har i fleire år vore på Gjennestad). Leir etter at dei unge er konfirmert har nokre plassar vore utfordrande grunna manglande motivasjon hos konfirmantane. Det gjekk veldig greitt med Kviteseid-konfirmantane i juni.
- Info om, og deltaking i Fasteaksjonen, og
- Leiartreningssystemet (i inntil 4 år frå året etter konformasjon). Dette ynskjer dei å informere betre om for å få med fleire, særleg frå Vest-Telemark.

Det vart ei grei samtale med mange spørsmål til avklaring.

Sokneprest Sigrun Lønning Solvang informerte om at kyrkja denne vinteren har 12 konfirmantar, og at ho har invitert til noko samarbeid med dei frikyrkjelege på Fredheim (2-4?) og på Misjonshuset (2)

Sjå to vedlegg frå Ø&E: Årshjulet, Presentasjon og Undervisningsplanen (som vart utdela på møtet)

VEDTAK:

Soknerådet takkar for utfyllande informasjon om 'Ønsket & Elsket'.

SR-sak 42.24

Ny trusopplærer

KG

Tilsetjingsutvalet har vore samla, gått gjennom søknadene og har saka. Så langt har dei blitt einige om å utlyse stillinga på nytt i håp om å få fleire aktuelle søkjarar. Dei fire som søkte i fyrste omgang har fått brev om at dei er med vidare viss dei ikkje aktivt trekkjer sin søknad.

Utvalet skal samlast på nytt 24. sept. der dei vil drøfte den 2. utlysingsrunden.

Forslag til VEDTAK i AU:

AU takkar for orienteringa.

Utvalet var samla 19.sept. der dei drøfta den 2. runden med utlysing. Dei ynskjer søknadsfristen skal vere 31.12.2024 og er opne får at vi ikkje har ny trusopplærer på plass før langt ut på året. Olav utarbeider forslag til ny utlysing basert på den førre.

AU spør seg om det kan vere andre frivillige, pensjonistar eller andre som vil ha ei mellombels stilling med avgrensa oppgåver retta mot trusopplæringsarbeidet.

VEDTAK i AU-sak 20.24:

AU takkar for orienteringa.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet takkar for orienteringa.

Kyrkjeverja orienterte om at 2. gongs utlysning var ute frå i dag og at søknadsfristen er så seint som 31.12.2024. [Annonse finn du her](#). Den er lagd ut på Facebook i dag, og er tilgjengeleg som vanleg på kirkejobb.no og på nav.no

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

SR-sak 43.24

Bispevisitasen februar 2025

KrS

Som eit ledd i førebuinga til bispevisitasen siste veke i februar 2025, skal vi gjennomgå alle kyrkjene i soknet og sjå på tilstand, og rapportere alt nytt og endra sidan sist visitas.

Utdrag av brev frå Geir Myre, rådgjevar i Agder og Telemark Bispedøme:

Det skal være bispevisitas i Kviteseid i løpet av 2025. I den forbindelse skal det gjennomføres en visitasbefaring av kirkebygg i forkant, i dette tilfellet Kviteseid kirke og Kviteseid gamle kirke, Brunkeberg kirke, Fjågesund kirke, Kilen kapell og Vrådal kirke.

Under befaringen vil vi gå gjennom tiltak siden sist befaring, utfordringer og forestående tiltak samt gjennomgang av universell utforming og eventuelle bygningsmessige oppfølginger fra sist vistas.

Jeg ber dere på forhånd fylle ut skjema for de fire kirkene. Dere kan bruke [denne lenken](#). Resultat av skjemaet brukes sammen med resultat fra KA's kirkekontroll 2021 som utgangspunkt i samtale under befaringen. Dette er også et grunnlag, sammen med selve befaringen for rapporten som skrives ut i etterkant av befaringen. Det kan være greit å finne frem litt opplysninger om vedlikehold på forhånd.

I forbindelse med befaringen skal det leveres inventarlistene. Dersom inventar er lagt inn i kirkebyggdatabasen kan jeg hente dem ut derfra.

Jamfør visitasveiledningen skal/kan følgende personer delta på befaringen: Kirkeverge, prost og eventuelt kirketjener og sokneprest. Det vil variere lokalt hvem som naturlig deltar på disse befaringene og vi ber derfor dere lokalt vurdere eventuell andre deltakere på befaringsrunden. Invitasjon sendes derfor kun til prost og kirkeverge.

Denne synfaringa var torsdag 19. sept. (og er grunnen til at AU blei flytt til 20.)

Kyrkjeverja har (fredag 6.9.) ikkje fått tid til å sjå på skjema som skal fyllast ut, KA sin kyrkje-kontroll i 2021 (laga av oss og meldt inn til KA), eller inventarlistene (frå sist visitas). Men vi har god rapportering i årsmeldingane frå soknet sidan sist visitas, der alt arbeid og nytt er oppført.

Kyrkjeverja har så langt vist rådgjevaren til desse [årsmeldingane](#).

Forslag til VEDTAK i AU:

AU takkar for orienteringa.

VEDTAK i AU:

AU takkar for orienteringa.

Frå Bispedømekontoret møtte Seniorrådgjevar kultur Tone Kleiv Furnes og Rådgjevar kyrkjebygg Geir Myre. Lokalt var det kyrkjetenar Håkon Heggveit og kyrkjeverja Kristen Salmelid som deltok. Soknet sine årsmeldingar frå 2016 til 2023 var nyttige som dokumentasjon og 'hugseliste' over kva som er gjort av arbeid og investeringar sidan sist bispevisitas i januar 2016.

Rapport frå synfaringa skal nå utarbeidast av Bispedømekontoret og Kyrkjeverja i fellesskap, og vil bli ein del av Visitasmeldinga.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet takkar for orienteringa.

Prost Asgeir Sele kallar inn til fyrste planleggingsmøte for visitasen.

Vedlagd her er [Visitaforedraget frå 2016](#) og Visitasmeldinga frå 2016 (vedlegg)

VEDTAK:

Soknerådet takkar for orienteringa.

SR-sak 44.24

Møteplan for soknerådet

KG

AU drøfta moglegheita for å ha soknerådsmøta på dagtid. Av valde i SR er det berre Ida Sigurdslid (1. vara) som er i fast arbeid, i tillegg til sokneprest og kyrkjeverje.

Årshjulet for soknerådet 2024-2027 (*vedlagt*) skisserer plan for vitjing av alle kyrkjene i løpet av soknerådsperioden. Det er mest praktisk å ha SR-møta på kommunehuset, men det kan og vurderast å ha møte i Kyrkjestøgo. Ulempa med å ha alle møta sentralt, er at SR ikkje får sett kyrkjene samla, og heller ikkje får samtala med kyrkjelydsutvala.

Mogleg løysing kan vere at valde medlemmer av SR sjølve syter for å besøke alle kyrkjene i samband med ordinære gudstenester. Kyrkjelydsutvala kan inviterast samla til eit SR-møte for samtale og takk, og for å bli gjort litt ekstra stas på.

VEDTAK i AU-sak 22.24:

- AU foreslår for SR at soknerådsmøta vidare vert på dagtid, vel vitande om at 1. vara til SR har dagarbeid. AU foreslår tysdagar eller torsdagar som møtedag. Kva for klokkeslett ynskjer SR å ha møta?
- AU ser det som vanskeleg å komme rundt til alle kyrkjene på SR-møta for at medlemmene skal få sjå kyrkjene og treffe kyrkjelydsutvala, slik SR vedtok i sak om møteplanen for SR-perioden 2024-2027.
 - AU foreslår difor at SR-medlemmene sjølve syter for å koma rundt i alle kyrkjene, gjerne i samband med gudstenester, og
 - Alle kyrkjelydsutvala blir inviterte til eit samla møte med SR i mai/juni 2025.

Forslag til VEDTAK i SR:

Soknerådet vedtek som føreslege at soknerådsmøta vidare vert på dagtid. Møtedag blir tysdag og forslag om tidspunkt blir klokka 12.00-15.00. (Neste SR blir då tysdag 19. november kl. 12-15)

Vidare oppmodar soknerådet sine medlemmer til sjølve å syte for å koma rundt i alle kyrkjene, gjerne i samband med gudstenester. Kyrkjetenar og representant frå kyrkjelydsutvalet på staden kan fortelje om bruken av den aktuelle kyrkja.

Alle kyrkjelydsutvala blir inviterte til eit samla møte med SR i mai/juni 2025.

Det kan vere greitt å vedta 4-års planen på nytt etter desse endringane.

VEDTAK:

Soknerådet vedtek at soknerådsmøta vidare vert på ettermiddagstid frå 15.00 (-18.00).

Neste SR blir tysdag 19. november kl. 15.00.

Forslag til møtedatoar for 2025 blir presentert på dette møtet. Det blir då gjort endeleg vedtak om kva dag i veka møta skal vere på. Forslaget vil ta utgangspunkt i onsdagar.

Vidare oppmodar soknerådet sine medlemmer til sjølve å syte for å koma rundt i alle kyrkjene, gjerne i samband med gudstenester. Kyrkjetenar og representant frå kyrkjelydsutvalet på staden kan fortelje om bruken av den aktuelle kyrkja.

Alle kyrkjelydsutvala blir inviterte til eit samla møte med SR i mai/juni 2025.

Kyrkjevevja oppdaterer resten av 4 års-planen etter neste møte.

SR-sak 45.24

Eventuelt

KG

Kyrkjevevja orienterte om at han sluttar i stillinga si her i Kviteseid sokn seinast 1. januar 2026. Han meiner 10 år i stillinga er nok, og vil sleppe nye krefter til. Han veit ikkje pr i dag kva han då skal til med, men ynskjer å starte med den nye ordninga 'AFP Livslang', og kombinere det med anna arbeid.

Ref. KS og SGM